



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3446 - 15/155

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
07.01.2015

Byggesak Gbnr 45/105 Manger - sykkelparkering og miljøstasjon - søknad om løyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 007/2015

Deleget vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Mangersensvegen 1**

Tiltakshavar : **Hordaland Fylkeskommune, eigedomsseksjonen.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av eit lite ope hus for sykkelparkering og til bruk som miljøstasjon. På begge sider vert det forlenga med ein levegg i bak-kant, dette for å gje mindre innsyn til nabo mot nordaust.

Le-vegg er omlag 11,7 meter lang og 3,4 meter høg. Skur for sykkelparkering og miljøstasjon er omlag 7,2 meter lang og 2,4 meter brei. Bebygd areal utgjer omlag 14,2 m².

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.12.2014.

Saksutgreiing:

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i kommunedelplan for Manger 2007-2019 er definert som område for offentleg føremål. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Uttale frå annan styresmakt

Saka har ikkje vorte sendt til uttale til annan styresmakt.

Dispensasjon

Godkjenning av tiltaket synest ikkje å krevje dispensasjoner.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er søkt om fritak for nabovarsling med følgjande grunngjeving:

«Vi viser til erklæring med innvilga dispensasjon frå nabo mot nord, slik at vi kan setje opp sykkeltaket / miljøstasjonen i samsvar med situasjonskartet, D – 1.

Vi søker om fritak for øvrig nabovarsel, då bygget er lite og lavt.»

Byggjesaksmynde i Radøy kommune vurderer at tiltaket ikkje råkar naboar i noko særleg grad og at det kan gjevest fritak i denne særskilte saka, jf. pbl. 21-3(2).

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 03.12.14. Avstand til nabogrense er opplyst å ver 0 meter. Eigar av gnr.45 bnr. 267 har den 12.12.2014 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrense.

Tiltakshavar har opplyst følgjande: «Det vert gjort tiltak med tanke på å hindre spreiing av brann, til nærliggande bygg. Materialval er her sentralt.»

Tilkomst, vatn og avløp

Tiltaket fører ikkje til endring i tilhøve til tilkomst, vatn og avløp.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om terrengendringar, byggjesaksmynde i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrengeinngrep.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehavar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.12.2014 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2a, jf. §21-3(2), jf. byggesaksforskrifta § 3-1b vert det GODKJENT oppføring av sykkelskur/miljøstasjon/levegg som vist i søknad av 18.12.2014 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner, jf plan- og bygningslova § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.3.1	Basisgebyr	kr	<u>5 300,00</u>
-------------	------------	----	-----------------

SUM	kr	5 300,00
------------	----	-----------------

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Når arbeida er å sjå på som ferdige skal tiltakshavar skriftleg rapportere dette til kommunen på eige skjema. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Dokumentasjon for byggverket si plassering på tomta skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/3446

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN